



Alle får fine statuettar på Heio Cup. Her frå premieutdelinga i 2014

**Søndag skal fotballen rulla heile dagen på Heio til glede både for unge spelarar og publikum. Med dette fine hausveret vert det ein flott folkefest. Spar Cup er blitt eit fast og populært innslag første helga i september kvart år, og det er gjennom åra mange unge fotballspelarar som har spela sin aller første kamp på dette arrangementet.**

Dei unge flinke dommarane bles i gang første kampane kl.10, og frå då vert det full aktivitet fordelt på fire banar på den fine grasmatta på Heio. Til saman vert det i løpet av dagen spela i overkant av 50 kampar. Det er om lag det same som i fjor. Tidsskjema fortel at siste kampen varer til om lag kl.16.

Laga kjem frå idrettslaga i kommunen, - Rosendal, Halsnøy, Herøysund, Ternen og Trio i tillegg til Uskedalen. Arrangørlaget stiller med 5 lag.

Det er venta mykje folk, og dermed mykje trafikk på dalen. Derfor rår arrangørane dei kjørande til å kjøra opp på Døsslandsido medan dei kjører om Haugland og ned på Kjærlandssido når dei skal heim.

Det vert heilt sikkert ein trivleg dag med mykje god underhaldning på Heio så her er det berre å møta opp!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland